



Kommunal- og Moderniserings- Departementet  
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

## Høyring - utkast til forskrift om elektronisk faktura i offentlege innkjøp

Forskriftsfastsetjing ved m.a. pålegg til alle offentlege oppdragsgivarar om aktivt å krevje elektronisk faktura. KMD ynskjer forskrift som går lengre enn minimumskrava i EU direktiv 2014/55/EU. I samband med utforming av ny forskrift ynskjer departementet svar på tre spørsmål:

1. Skal alle offentlege oppdragsgivarar verta pålagt å stille krav om elektronisk fakturering i alle kontraktar som vert inngått etter anskaffelseslova, dvs. alle anskaffelsar over NOK 100 000?

Forskrift om elektronisk faktura i offentlege anskaffelsar er heimla i anskaffelseslova § 16 tredje ledd. § 2 Verkeområde: avgrensar fakturering knytt til anskaffelsar som er omfatta av anskaffelseslova.

Område bør utvidast til også å gjelde innkjøp som er utanfor anskaffelseslova, dvs. innkjøp under NOK 100 000, samt innkjøp som ikkje fell inn under anskaffelseslova.

Dette grunngjev vi med at avgrensing til kjøp innan anskaffelseslova vil avgrense, både økonomisk, miljø- og samfunnsmessig, dei positive effektane som eit generelt krav til elektronisk faktura kan gi.

Vi ser heller ikkje at det per i dag er hindringar for at bedrifter, uansett størrelse, skal kunne ta i bruk elektronisk fakturering.

2. Skal alle offentlege oppdragsgivarar verta pålagt å rapportera del faktura de tek mot som elektronisk faktura i standardformatet?

Dette ser vi på som unødig rapportering.

3. Skal offentlege oppdragsgivarar som handterer faktura med sensitivt innhald verta pålagt også å handtera denne type faktura elektronisk i standardformatet?

Jf. § 6 Faktura eller fakturagrunnlag med sensitivt innhald i forslag til ny forskrift.

Her er det tilfredsstillande tekniske løysingar på alle punkt som vert avgjerande. Oppdragsgivar har ansvar for eigne løysingar, tilsvarande krav reknar vi med at utstedar av faktura også har, men kven fører kontroll med aksesspunkta?

Sensitiv informasjon bør liggje ved faktura som vedlegg og ikkje vere tilgjengeleg på faktura. Skatteetaten krev at sensitiv informasjon ligg ved rekneskapan, jf. dom i Borgarting lagmannsrett 21. des. 2016 for områder der ein kan krevje momskompensasjon.

Med helsing

Paal Fosdal  
ass. fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*